




# Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

nr. 2 - Påska 2007

## Du som låg i natti seine

Du som låg i natti seine  
sorgtyngd, vanvørd og ålene,  
skjelvande på dine kne,  
du som skáli trufast tømde  
medan alle dine rømde,  
stridsmann frå Getsemane!

Du som spotta vart og banna,  
kront med klungerkrans om panna,  
medan augo brann i sorg,  
du som stod i namnlaus pine,  
skild frå dei du kalla dine,  
einsam i Pilati borg !

Du som hekk til krossen nagla,  
medan blodut sveitte hagla  
frå di panne då du sa :  
"Fader, kvifor gjekk du frå meg !"  
Å, lat nådens blodstraum nå meg,  
offerlam frå Golgata !

Lær mi sjel kor du laut lida,  
syn meg såret i di sida,  
styrk og nær mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
så eg frelst mitt auga vender  
opp til deg på krossen, du.

Jakob Sande

Frå altertavla i Haus kyrkje

Ved.  
Olav Meltvik



# Utan påske var me utan von om frelse og evig liv

I påskehelga kan me fylgja Jesus sitt inntog i Jerusalem Palmesundag der folk vinka med palmegreiner og ropa "Hosianna", og hylla han som ein konge.

Så kjem Skjertorsdag der læresveinane spør kvar dei skal stella til påskemåltid for Jesus.

Ved dette måltidet var det at Jesus innstifta nattverden. Då dei var samla rundt bordet braut han brødet og gav læresveinane og sa : "Ta dette og et det. Dette er min lekam." Sameleis tok han ein kalk, takka, gav dei og sa: "Drikk alle av den! Dette er mitt blod, paktblodet som vert utrent for mange til forlating for syndene." Etter at dei hadde sunge lovsongen gjekk dei over Oljeberget og kom til Getsemane. Her viser eg til Jakob Sande sin salme som me hev på framsida. Sande skildrar her nattetimane i Getsemane, og det som vidare hende Langfredag, med stor innleving. Ein inderleg og fin salme.

Overprestane og dei eldste vart samde om at Jesus måtte døy. Og etterpå, då folket fekk velja mellom å setja fri ein fange som heitte Barabbas eller å setja fri Jesus, då valde dei Barabbas. Og ropa krossfest om Jesus, kan henda nokon av dei same som hadde hylla han palmesundag.

Så laut Jesus gå lidingsvegen til Golgata og laut lida og døy på krossen for våre synder.

Men påskemorgon var frelsesverket fullført og Jesus stod opp frå grava.

Eg hev i mange år tykt at det er ei spesiell oppleving å vera på kveldsgudsteneste i Hosangerkyrkja Skjertorsdag. Det er liksom opplevinga ved å få gå til nattverd denne kvelden vert nærare og sterkare enn elles.

Frelsesverket, denne Guds redningsaksjon vart fullført i påskehelga.

I Apostelgjerningae 4, 12. svarar Peter om Jesus "Det er ikkje frelse i nokon annan : for det finst ikkje noko anna namn under himmelen, gjeve mellom menneske, som vi kan verta frelste ved."

Og i Joh. første brev 5, 11 – 13 skriv Johannes : " Og dette er vitnemålet : Gud har gjev oss evig liv, og dette livet er i Son hans, og den som har Sonen, har livet. Den som ikkje har Guds Son har ikkje livet."

Endå ein gong minnest eg GammelDag Bjørndal siste ord i bøkene "Bakom synger skogene". "Ingen vei går utenom Kristus."

Lat oss samlast i kyrkjene på Osterøy i påskehelga og få med oss påsketekstane. Etter oppstoda sa Jesus til Tomas, tvilaren, "Fordi du har sett meg trur du. Sæle er dei som ikkje ser og endå trur."

# Siger

Når vinnaren får sigerprisen og nasjonalsongen lyder, då ser me mange gonger at vinnaren er rørt. Det ofte ein draum som vert oppfylt eller eit mål som er nådd. Og vinnaren får også jubelen med seg. Den som singlar, har oppnådd noko stort.

I Bibelen står det at Jesus er sigerherre. **Han kledde maktene og åndskreftene nakne og viste dei fram til spott og spe då han synt seg som sigerherre over dei på krossen,** (Kol.2,15). Krossen er sigersteiknet som vitnar om at Jesus er den sterkaste. Fastetida fortel om den kampen Jesus måtte igjennom før han sgra på krossen. Fastetida fortel òg om den kampen du må igjennom her i livet for å vinna siger med Jesus. Krossen er meir enn teiknet for død. Krossen er fyrst og fremst teiknet for siger.

Det er fortalt om keisar Konstantin, at han natta før det avgjerande slaget om makta i Romarriket, hadde ein draum. Der såg han ein kross, og det vart sagt. *Ved dette teiknet skal du vinna.* Eg trur ikkje at dette er teiknet for verdsleg makt, men det er sigerteikn. Eg vil helst vera på eit lag som har sjansen til å vinna. Når me skulle velja lag, var det alltid dei flinkaste og beste som vart valde fyrst. Det var viktig å koma på det beste laget.

Er du på vinnarlaget ?

Jesus hadde motstandarar, og det var ikkje berre menneske som stod imot han. Makter og åndskrefter er dei farlegaste fiendane. Her kan me gjerne snakka om åndskamp. Langfredag var ein kampdag som enda med at Jesu fiendar såg ut til å vinna. Påskedag vite at Jesus var sigerherren. Han kledde av fiendane sine, vann over dei og gjekk av med sigeren til slutt. Så vart det laga triumfkrusifiks, der Jesus ikkje heng på krossen, nei, han står – som sigerherre. Han triumferte over maktene og åndskreftene som ser ut til å vera så sterke. **Jesus er sigerherren!** På triumfkrusifikset har Jesus ei kongekone på hovudet. Seinare i mellomalderen var det lidingskrusifikset som vart det vanlege, og der ber Jesus klungerkrona.

Påskedag syng me om Jesus at *han vandrer i seieren rike.* Og me syng *Deg være ære, Herre over dødens makt.* Me gjer det fordi der sant. Jesus er sigerherre, og det beste av alt: han vil dela sigeren med deg. Han held ikkje sigeren for seg sjølv, han vil dela den med alle som tek imot han. Så er det opp til deg å ta imot han. Du avgjer sjølv om du vil vera på vinnarlaget eller taparlaget.

Påskan fortel om kva Jesus vann då han døydde og stod opp att frå dei døde. Så vil tida etter påske vera tida for å sjå kva du vinn i lag meg Jesus. Det ser ofte puslete ut å vera på lag med Jesus. Dei er ikkje alltid mange, dei som samlast i kyrkja og til møte der Jesus er med. Men likevel er det her vinnarlaget er ! **Jesus er sigerherre !**

Johannes Melve

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrjekontoret v/Rådhuset  
Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80 - Fax. 56 19 22 81

Mailadr: kyrkje@osteroy.kyrkja.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

### Direkte innval:

|                |             |
|----------------|-------------|
| Ruth Hauge     | 56 19 22 73 |
| Helge Kolstad  | 56 19 22 72 |
| Johannes Melve | 56 19 22 82 |
| Inge Sørheim   | 90 62 00 46 |
| Liv Skoglund   | 56 19 22 84 |
| Kåre Rivenes   | 56 19 22 85 |

## OSTERØY PRESTEGJELD, TILSETTE/RÅD OG UTVAL:

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Sokneprest Inge Sørheim,

tlf. 90620046

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus : Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

### Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Johannes Melve, Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

# Salmar frå skattkista

*Marit Tysse vart utfordra i siste nr. Her kjem salmen ho hev valt, og litt om kvifor.*

Når eg ser tilbake på livet mitt er det mange salmar eg er glad i og som har betydd noko for meg. Salmane våre er ein rik skatt som me må ta vare på. Ofte føler eg at eg får ei heil preik når eg les ein salme.

Salmen eg vil trekkja fram er "Å, at jeg kunne min Jesus prise". Dette var bestemor sin salme.

*Å , at jeg kunne min Jesus prise  
som jeg av hjertet dog så gjerne vil,  
fordi han ville slik nåde vise  
å byde meg sitt himmerike til.*

*Jeg gikk i blinde, jeg lå i døden,  
og mørkets fyrste holdt meg ganske fast.  
Da ropte jeg til min Gud i nøden,  
han frelste meg, og mørkets lenker brast.*

*Ha takk, o Jesus, for korsets smerte,  
for døden og for dine mange sår !  
Der fikk jeg fred for mitt arme hjerte,  
og vinteren ble til en herlig vår.*

*Opp, alle venner, syng med i sangen  
til ære, pris for han som har oss løst !  
Vi går i trengsel og strid så mang en,  
men kun en liten stund, å hvilken trøst !*

Ho elska denne salmen og song den med glede i i sinn. Sidan vart det mor sin salme, og ho formidla den vidare til meg.

Ofte når eg går til nattverd kjem det tredje verset for meg, Det er ei takkebøn om kva Jesus frelsesverk betyr for meg.

Lars Oftedal skreiv salmen i 1875. Melodien er ein norsk folketone. Salmen står på nr. 376 i salmeboka.

Eg utfordrar Kai E. Johnsen til å velja salme neste gong.

*Snar er vi hjemme og står for tronen,  
hva gjør det da om solen har oss brent ?  
Når hytten faller, så får vi kronen  
og all vår trengsel er for alltid endt.*

*Ja, deg alene skje evig ære,  
o Jesus, som oss kjøpte med ditt blod !  
Vår syndebyrde du ville bære,  
det skyldbrev slette som var oss imot.*

*Å hvilken lykke å deg tilhøre !  
Takk, takk at også jeg fikk være med !  
Din gode gjerning du selv fullføre,  
til jeg står frelst og fri i evighet !*

## Dugnadsdag

Gjerstad sokneråd vil ha dugnadsdag fredag 20. april kl. 17,00.

Me vil rydda og gjera førefallande vårarbeid på kyrkjegarden denne kvelden. Det er ynskjeleg at fleire enn oss i soknerådet hadde kome og vore med på dette. Me vil alle at det skal vera fint og velstelt rundt kyrkja og på kyrkjegarden.

# Kyrkjeverja informerer



## *Spørsmål frå publikum om gravferd Kan andre enn kyrkja syta for gravferd?*

Det er viktig å vera klar over at ein skil mellom seremonien og gravlegginga ved ei gravferd. Dei fleste på Osterøy ynskjer kyrkjeleg medverknad/seremoni i gravferda.

Medlemmer i Den norske kyrkja har rett på fri kyrkjeleg handling (seremoni) i sin heimkommune. For andre som ønskjer kyrkjeleg medverknad må det betalast ei avgift som fellesrådet fastset. Andre livssynssamfunn kan stå for seremonien. Skal andre livssynssamfunn stå for gravferda og det skal nyttast kyrkje, må soknerådet gje løyve. Her må ein ta kontakt med det livssynssamfunnet ein tilhøyrer om ein har spørsmål om korleis det evt. fungerer.

Når det gjeld sjølve gravlegginga, er det ingen utgifter når gravlegginga skjer i eigen kommune. Dette er kostnadsfritt og uavhengig av om ein er medlem i Den norske kyrkja eller ikkje. Det er Osterøy kyrkjeleg fellesråd som forvaltar ordninga. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om nokon ønskjer meir informasjon om dette.

Må vi nytte gravferdsbyrå?

Dei aller fleste på Osterøy nyttar gravferdsbyrå, og i all hovudsak det lokale byrået. Vi får mange tilbakemeldingar på at det er til god hjelp og støtte. Men det er opp til kvar einskild kva ein ønskjer hjelp til.

Det er ikkje krav om at ein må nytta gravferdsbyrå. Gravferdsbyrået skal gje tilbod ut frå det folk ønskjer. Gravferdsbyråa formidlar kister til gravferda, og slik sett må ein ta kontakt med eit byrå. Den einskilde pårørande drøfter med byrået kva ein ønskjer hjelp til. Byråa har prisliste på sine tenester.

### **Priser på gravtenester utført av Osterøy kyrkjeleg fellesråd**

Desse satsane gjeld frå og med 01.02.2007, vedtatt i møte i Osterøy kyrkjeleg fellesråd 30.01.2007. Dette er satser som gjeld Osterøy kyrkjeleg fellesråd. Gravferdsbyrå har sine egne prisliste.

|                                                                        |                            |
|------------------------------------------------------------------------|----------------------------|
| 1.1 Montering av nytt gravminne og navnetilføyning                     | kr. 900,-                  |
| 1.2 Justering av gravminne                                             | kr. 600,-                  |
| 1.3 Oppretting med bolting                                             | kr. 500,-                  |
| 1.4 Feste av grav pr. år utover fredningstiden                         | kr. 80,-                   |
| 1.5 Ektefellegrav – festegrav                                          | kr. 800,-                  |
| 1.6 Ekstraarbeid ved flytting av gravminne ved bruk av gamal gravstad. |                            |
|                                                                        | Pris fast i kvart tilfelle |
| 1.7 Stell av grav                                                      | kr. 850,-                  |

Heimesida vår i Kyrkjeleg Fellesråd er:

<http://www.osteroy.kyrkja.no/>



# Velkommen til kyrkja

## Skjærtorsdag, 5. april 2007: Matt 26,17-29 2 Mos 12,3-8.11; 1 Kor 10,16-17

|                        |                                                                    |
|------------------------|--------------------------------------------------------------------|
| Osterøytunet kl. 11.00 | Gudsteneste. Sørheim. Nattverd.                                    |
| Bruvik kl. 17.30       | Gudsteneste. Melve. Nattverd. Årsmøte/soknemøte etter gudstenesta. |
| Hosanger kl. 19.00     | Gudsteneste. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.           |
| Haus kl. 20.00         | Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen.       |

## Langfredag, 6. april 2007: Luk 22,39-23,46

|                 |                                                                                                  |
|-----------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Hamre kl. 11.00 | Pasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep. |
| Haus kl. 11.00  | Pasjonsgudsteneste. Melve.                                                                       |

## Påskenaatt, 7. april 2007: Mark 16,1-8 2 Mos 14,1-22; Kol 3,1-4

|                |                                             |
|----------------|---------------------------------------------|
| Hamre kl. 23.0 | Påskenaattsmesse. Sørheim. Melve. Nattverd. |
|----------------|---------------------------------------------|

## Påskedag, 8. april 2007: Matt 28,1-8 Sal 118,14-24; 1 Kor 15,1-11

|                    |                                                                                           |
|--------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|
| Gjerstad kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste. Melve. Sørheim. Nattverd. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Normisjon. |
|--------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|

## 1. s. e. påske, 15. april 2007: Joh 20,19-31 Jes 43,10-13; 1 Kor 15,53-57

|                |                                                  |
|----------------|--------------------------------------------------|
| Haus kl. 11.00 | Gudsteneste. Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til |
|----------------|--------------------------------------------------|

## Torsdag 19. april 2007:

|                 |                              |
|-----------------|------------------------------|
| Hamre kl. 18.00 | Samtalegudsteneste. Sørheim. |
|-----------------|------------------------------|

## 2. s. e. påske, 22. april 2007: Joh 10,11-16 Esek 34,11-16a; 1 Pet 2,21b-25

|                    |                                                         |
|--------------------|---------------------------------------------------------|
| Hosanger kl. 11.00 | Gudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
|--------------------|---------------------------------------------------------|

## Torsdag 26. april 2007:

|                    |                              |
|--------------------|------------------------------|
| Hosanger kl. 18.00 | Samtalegudsteneste. Sørheim. |
|--------------------|------------------------------|

|                    |                     |
|--------------------|---------------------|
| Gjerstad kl. 19.00 | Samtalegudsteneste. |
|--------------------|---------------------|

## 3. s. e. påske, 29. april 2007: \* 1 Pet 1,3-9 Jes

## 43,16-19; Joh 16,16-22

|                    |                                                                                           |
|--------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|
| Gjerstad kl. 11.00 | Konfirmasjonsgudsteneste. Melve og Ole Arthur Hansveit. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
| Hamre kl. 11.00    | Konfirmasjonsgudsteneste Sørheim (gruppe 1)                                               |

## Torsdag 3. mai 2007:

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Haus kl. 19.00 | Samtalegudsteneste. |
|----------------|---------------------|

## Laurdag 5. mai 2007:

|                    |                                                                      |
|--------------------|----------------------------------------------------------------------|
| Hosanger kl. 11.00 | Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
|--------------------|----------------------------------------------------------------------|

## 4. s. e. påske, 6. mai 2007: Joh 16,5-15 Esek 36,26-28; Jak 1,17-21

|                  |                                                                                       |
|------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|
| Bruvik kl. 11.00 | Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
| Hamre kl. 11.00  | Konfirmasjonsgudsteneste (gruppe 2). Sørheim.                                         |

## 5. s. e. påske, 13. mai 2007: Joh 16,23b-28 Jer 29,11-14a; Ef 3,14-21

|                |                                                                   |
|----------------|-------------------------------------------------------------------|
| Haus kl. 11.00 | Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet |
|----------------|-------------------------------------------------------------------|

## Grunnlovsdag (og Kristi himmelfartsdag!), 17. mai 2007: \* Sal 121 Fil 4,8-9; Luk 1,50-53

|                    |                                                                                |
|--------------------|--------------------------------------------------------------------------------|
| Hamre kl. 10.00    | Festgudsteneste. Sørheim. Takkoffer                                            |
| Gjerstad kl. 10.00 | Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp                         |
| Bruvik kl. 11.00   | Festgudsteneste. Gudstenesteleiar Alf R. Kallestein. Takkoffer til Redd Barna. |
| Haus kl. 12.00     | Festgudsteneste. Melve. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.                 |
| Hosanger kl. 12.00 | Gudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Osterøy sundagsskule.                      |

## 6. s. e. påske, 20. mai 2007: Joh 15,26-16,4a Hag 2,3-9; 1 Pet 4,7-11

|                       |                                                |
|-----------------------|------------------------------------------------|
| Raknestunet kl. 11.00 | Gudsteneste. Sørheim. Sundagsskule-avslutning. |
|-----------------------|------------------------------------------------|

**Pinsedag, 27. mai 2007: \* Apg 2,36-41 1  
Mos 11,1-9; Joh 14,23-29**

|                    |                                                                       |
|--------------------|-----------------------------------------------------------------------|
| Hosanger kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste<br>Sørheim.                                        |
| Gjerstad kl. 11.00 | Høgtidsgudsteneste<br>Melve. Takkoffer til<br>Nordhordl. indremisjon. |

**Andre pinsedag, 28. mai 2007: Joh 3,16-21  
Jes 44,2-6; Apg 10,42-48a**

|                 |                                                                         |
|-----------------|-------------------------------------------------------------------------|
| Hamre kl. 11.00 | Høgmesse. Sørheim.<br>Melve. Osterøy kyrkjekor.<br>Nattverd.. Takkoffer |
|-----------------|-------------------------------------------------------------------------|

**Treeiningssundag, 3. juni 2007: Joh 3,1-15  
5 Mos 6,4-7; Rom 11,33-36**

|                    |                                                                                                                      |
|--------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Gjerstad kl. 11.00 | Familiegudsteneste.<br>Melve. Utdeling av bok<br>til fåringane. Takkoffer<br>til kyrkjelydsarbeidet.<br>Kyrkjekaffi. |
|--------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

**2. s. e. pinse, 10. juni 2007: Luk 16,19-31 5  
Mos 15,7-8.10-11; 1 Joh 3,13-18**

|                 |                                           |
|-----------------|-------------------------------------------|
| Hamre kl. 11.00 | Høgmesse. Sørheim.<br>Nattverd. Takkoffer |
|-----------------|-------------------------------------------|

**3. s. e. pinse, 17. juni 2007: Luk 14,16-24  
Jes 25,6-7; Ap 19,5-9**

|                |                                                                                                                       |
|----------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Haus kl. 11.00 | Familiegudsteneste.<br>Melve. Dåp. Takkoffer til<br>kyrkjelydsarbeidet..<br>Grillfest i prestgards-<br>hagen etterpå. |
|----------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

|                    |                                                                 |
|--------------------|-----------------------------------------------------------------|
| Hosanger kl. 11.00 | Gudsteneste. Sørheim.<br>Takkoffer til kyrkjelyds-<br>arbeidet. |
|--------------------|-----------------------------------------------------------------|

**Jonsok (Sankthans)/4. s. e. pinse, 24. juni  
2007: \* Luk 1,57-66 Mal 4,5-6; Apg 19,1-6**

|                    |                                                                     |
|--------------------|---------------------------------------------------------------------|
| Gjerstad kl. 11.00 | Høgmesse. Melve.<br>Nattverd.. Takkoffer til<br>Norsk misjon i øst. |
|--------------------|---------------------------------------------------------------------|

|                                    |                                                                                      |
|------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------|
| Vassdal skule,<br>Bruvik kl. 18.00 | Gudsteneste. Melve.<br>Takkoffer til barne- og<br>ungdomsarbeidaren i på<br>Osterøy. |
|------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------|

## Takk

*Haus kyrkjelag takkar hjarteleg for den store minnegåva etter Alf S. Vatle den 6/3 – 07. Det kom inn 6.851,- kr. som me vil bruka slik me trur han Alf hadde vore glad for og sett pris på.*

*Helsing og atter takk frå styret i Kyrkjelaget.*

## Gudstenesteverkstad i Hamre kyrkje onsdag 2. mai

Gudstenesta: Presten sin? – feil! \_Organisten sin? – feil! \_Kyrkjelyden sin? - riktig! \_Korleis er den finaste gudstenesta du kan tenkje deg? \_Blir du med på planlegginga, så kanskje vi kjem nærare det du ynskjer deg! \_Det vert gudsteneste-verkstad i Hamre kyrkje onsdag 2. mai klokka 19.00. \_Då skal det handla om gudstenesta som skal vere 2. pinsedag, 28. mai, men \_det vert rom for generell ide-myldring også. \_Presten kjem. Organisten og! Og vonaleg mange engasjerte kyrkjelydslemer!

### Dåp.

Det høver med dåp desse dagane:

Hamre:28/5

Hosanger: 22/4 og 27/5

Haus 15/4 og 17/6

Gjerstad: 8/4 og 3/6

Bruvik:6/5

## Open kyrkje

Gjerstad sokneråd vil at Gjerstad kyrkje skal vera fysisk open, slik at folk kan koma og gå etter ynskje. Tanken er at dei som ynskjer det kan få gå inn i kyrkja å sitja i fred og ro med sine tankar.

Open kyrkje :

fredag kl. 17,00 – kl. 21,00

lauardag kl. 10,00 – kl. 18,00

søndag kl. 11,00 – kl. 18,00

Dette er ei prøveordning og den gjeld frå 1. mai til 31. aug. 2007.

## Tysse bedehus 25 år

I april er det 25 år sidan Tysse bedehus vart vigsla. Jubileet vert feira søndag 22. april kl. 17.00. Talarar Nils Kåre Strøm og Johannes Øye. Matpause. Alle er hjarteleg velkomne.

## Gudsteneste rundt bordet

Som eit resultat av gudstenesteverkstad i Hosanger kyrkje tidlegare i mars, inviterer vi til ei litt annleis gudsteneste i Hosanger kyrkje skjærtorsdag kveld. Gudstenesta vil starte som ei vanleg gudsteneste, med dåp i starten. Så vil vi invitere alle fram til eit duka bord framme i kyrkja. Her vil vi feire resten av gudstenesta rundt bordet. Der skal vi synge saman, vi skal få høyre meir om det jødiske påskemåltidet, og vi skal få høyre om korleis Jesus innstifta nattverden. Vi vil òg ete kveldsmat i lag, som ein del av gudstenesta. Og til slutt vil vi avslutte kveldsmåltidet med å feire nattverd i lag. Vel møtt til gudsteneste rundt bordet i Hosanger kyrkje på skjærtorsdag klokka 1900.

# Familie- nytt



## Haus

### Døpte:

11.03. Kristina Lundgren Skår

11.03. Frida Thunestvedt Skår

11.03. Julie Tveiterås

11.03. Erlend Vikne

11.03. Simen Gjerstad

### Gravlagde:

22.02. Leif Johan Birkelid (f. 1919)

06.03. Alf Sigmund Vatle (f.1926)

## Gjerstad

### Gravlagde:

27.02. Valter Vedå (f.1938)

## Kyrkjeskys til Haus:

Maria og Johannes Hundhammer,  
tlf. 56 39 00 33.

Sigrid Mjelde, tlf. 56 39 01 04.

Anne Karin og Einar Rivenes,  
tlf. 56 39 04 52.

Madli og Olav Hannisdal,  
tlf. 56 39 43 21.



## Hamre

### Gravlagde:

28:02. Borghild Rundhovde (f.1911)

07.03. Preben Håland (d.f.2007)

21.03. Signe Tvedt Bognøy (f.1924)

## Hosanger

### Døpte:

25.02. Anmira Tysse Hansen

### Gravlagde:

14.03. Marta Gravråk (f.1932)

## Carpe Diem

Grip dagen !

Den haster så fort forbi,  
og aldri vil den komme igjen.

Grip dagen !

Si alt du ville si,  
før det er for sent, min kjære  
venn.

Grip dagen !

Før du vet så er det kveld,  
og tida har fløyet deg forbi.

Grip dagen !

Gi noe av deg selv,  
i livets travle monasjeri.

Grip dagen !

vær god mot dine kjære,  
elsk venn og uvenn med samme  
sinn.

Grip dagen !

Og livet vil deg lære  
at nuet det er gaven din.

Liv Antonsen.

# Konfirmantar 2007

## Gjerstad 29. april

Daniel Olausen Gullbrå  
Olav Bergstad Hagebø  
Håkon Hannisdal Hagen  
Torbjørn Hovden  
Knut Andreas Lone  
Håvard Reigstad  
Johannes Aleksander Svenheim  
Rongved  
Andreas Skeidsvoll  
Chris Erik Birkeland Solberg  
Øyvind Hestenes Vedå  
Marte Sandal Gjøstein  
Ingrid Skjerping Kollvangsnes  
Karina Bjørndal Midttun  
Linn Mjelstad  
Elin Bjørndal Njåstad  
Johanne Revheim  
Maria Hyun Rød  
Frøya Småland

## Bruvik 6. mai

Rebekka Johanne Flostrand

## Haus 13. mai

Marius Hetlevik Bøe  
Fredrik Skaftun Børtveit  
Ole Einarsen  
Brage Thunestvedt Hatløy  
Thomas Mjelde  
Glenn Torgersen  
Richard Aasheim  
Vegard Aasheim  
Janniche Gundersen Børtveit  
Hanne Heggøy

Carina Mjelde  
Cassandra Presthus

## Konfirmantar Hamre kyrkje 29. april 2007

Amalie Kristina Elvik Bolset  
Ingrid Fosse  
Silje Elvik Halvorsen  
Simon Hauge  
Emil Hosøy  
Christine Tveiten Johansen  
Kristin Edvardsen Kallekleiv  
Malin Kallekleiv  
Silje Kleppe  
Gøran Lunde  
Eirik Brakvatne Mjelde  
Jørgen Andre Myking  
Ragnhild Reigstad  
Ingrid Revheim  
Krister Skår  
Chris Kaland Stamnes  
Astrid Nytun Steffensen  
Ylva Småland Torstensen  
Ingelin Veile  
Gisle Hoel Århus

## Konfirmantar Hamre kyrkej 6. mai 2007

Susanne Bolstad  
Erlend Valestrand Edvardsdal  
Marielle Øvsthus Evjen  
Henrik Selstø Greve  
Jostein Iversen  
Simen Kallekleiv  
Katrine-Beth Reigstad

Trygve Bru Reigstad  
Inga Magdalena Vatle Sandgren  
Sandra Skistad  
Håvard Elvik Slettebakken  
Christina Stald  
Viljar Sylta  
Petter Andre Tvedt Sæbø  
Johnas Zahl  
Finn Fossdal Århus

Konfirmantar Hosanger kyrkje 5. mai 2007

Anne-Sofie Fure Fjellskål  
Ingebjørg Beckstrøm Fjellskålnes  
Solveig Beckstrøm Fjellskålnes  
Kari Forthun  
Markus Fossdal  
Victoria Mjelde Hanstveit  
Brynjar Tysse Hanstveit  
Ingrid Veile Hartveit  
Adelin Hanstveit Hjellvik  
Kristian Ekanger Johnsen  
Jonas Bolset Kleppe  
Ruben Bjørkheim Kleppe  
David Tveiten Lewis  
Synnøve Elvik Litland  
Aina Losvik  
Viviann Mjelstad  
Erlend Johan Mjøs  
Ariane Tysse Olsen  
Alexander Skråmestø  
Atle Beckstrøm Vedå

## Soknepresten har ordet

Ettersom eg har tittelen sokneprest, er eg blitt utfordra av sokneprest Johannes Melve til å dele ansvaret for å skrive under denne vignetten. I skrivande stund har eg vore sokneprest i Hamre og Hosanger ni veker. Det har vore travle veker som har gått unna i ei fart! Brått står påskehøgtida for døra, så kjem tida for samtalegudstenester og konfirmasjonsgudstenester.

Første gang eg får lov til å skrive i denne spalta, vil eg nytte høve til å takke. Eg vil først og fremst takke for den flotte mottakinga familien min og eg har fått her på Osterøy. Enno er vi ikkje ordentleg kjende med særleg mange, men vi har treft svært mange, og vi ser at mange veit

om oss og tenkjer på oss. Familien min og eg har funne oss til rette i den koselege prestebustaden på Hosanger. Der er det godt å bu, og nærleiken til sjø og til natur gjer at vi stadig følgjer med på dyre- og fulgelivet rett utanfor stoveglaset vårt. Vi går den første våren og sommaren i møte med forventning og spenning. Berre det å ha ansvar for ein kjempestor hage er utfordrande. For oss som kjem frå ei lita treromsleilegheit i Sogndal, er overgangen stor, og vi lurar på kor vi skal starte. Men vi har tru på at det skal gå seg til...

Så vil eg takke for at alle eg har møtt til no er tolmodige med meg i tenesta mi. Som ny prest er det

mykje å setje seg inn i, og mange ting å ta fatt i. Og dei tinga som må takast fatt i kjem ofte brått på. Nokre gonger ser eg i ettertid at ting kunne vore gjort annleis, og eg ser ting som kan gjerast annleis i framtida. Men dette er ting som eg trur vil gå seg til, og med Guds hjelp er eg ikkje redd for å ta tak i dei oppgåvene som møter meg.

Det var nokre ord om meg og mine, men det er folket på Osterøy takksemnda vår er retta mot i dag. Eg gler meg over at vi er ordentleg på plass her på denne øya, og vi gler oss til å bli betre kjende med alle dei vi møter.


*Inge Sørheim*

# Frå konfirmantleir



Fredag 25. til sundag 28. januar var mange av konfirmantane frå Osterøy på konfirmantleir på Kvamseter. Det var ei innhaldsrik helg, med skidag i Eikedalen som høgdepunkt for mange. Laurdag hadde Johannes Melve temasamling om dåpen. Konfirmantane fekk vere med på





ei påminning om dåpen, og dei fekk vite meir om kva dåp er for noko. Ungdom frå UngeKristne på Osterøy var med som leiarar.



# Skrifta åleine

Det er uro i Den norske kyrkja. No har vel eit stort kyrkjesamfunn som "Den norske kyrkja", aldri vore ein einsarta storleik, men det virkar som om uroa går djupare no enn før. Det gjeld særleg spørsmålet om homofile samlevande skal kunna ha vigsla stillingar i kyrkja.

Alle er vel samde om at Bibelen fordømer homofilt samliv. Det står oppført i Bibelen i såkalla lastekatalogar i klasse med andre synder og laster slik som hor, vinnesykje, baktale, avgudsdyrking m. fl.. (Sjå 1. Kor. 6, 9-10 og Ef. 5, 3-5). Men no hevdar nokon at dette ikkje kan gjelda i vår tid. Dei vil tolka Bibelen slik at han passar inn i vår tid. Og så plukkar dei ut ei av desse lastene, "menn som driv utukt med menn", og seiar at det kan ikkje vera synd lenger.

Men er ikkje dette å setja mennesketanken over Guds ord? Kva grunnar har me i dag for å seia at me forstår betre enn Gud som har openberra sin vilje for oss gjennom sitt ord?

Det reformatoriske skriftprinsippet set opp "Skrifta åleine" som norm for lære og liv. Det er Bibelen som skal lære oss, ikkje me som skal få Bibelen sine ord til å høva med mennesketankane i vår tid. Visst me gjer det siste, kan me vel ta Bibelen til inntekt for nær sagt kva som helst.

Kvar preikesundag vert det sagt frå preikestolen: "Helga oss i sanninga. Ordet ditt er sanning." Lat oss halda fast på Guds ord og ta imot kjærleiken til sanninga og ikkje la oss forvirra av villfaringa i tida. Elles kan det gå med oss slik som det står i Paulus' 2. brev til tessalonikarane kap. 2,3-12 at Gud sender oss kraftig villfaring slik at me trur lygna. Det er ved kjærleiken til sanninga at me vinn fram til frelsa.

*Øyvind Vevle*

# Påskemorgon

*Tunge var stega som gjekk imot  
grava.*

*Vemodet stort fordi Jesus var død.*

*Brått kom ei undring som gjorde dei  
glade.*

*Herren greip inn i den djupe nød.*

*Maria og kvinnene møtte den Frelsar  
som levande stod attmed eiga grav.*

*Meisteren synte ein veg ut av mørkret.*

*Vi fekk ei framtid då livet han gav.*

*Med jubel vart bodskapen boren til  
verda.*

*I glede fekk bodskapen venger av von.*

*For døden laut vike der underet  
skjedde.*

*Og livet vann siger ved Kristus, Guds  
Son.*

*Lette er stega som går ifrå grava.*

*Menneska høyrer at død vert til liv !*

*Oppstoda fyller oss alle med glede.*

*Herren grip inn sjølv om mismodet  
sviv.*

*No er det sanning i orda vi høyrer*

*at tredje dag påske er Jesu grav tom.*

*Han syner menneska veg gjennom  
livet.*


*Bodskapen vermer når han seier.  
Kom.*

*Med jubel vert lovsongen boren til  
verda,*

*I glede får bodskapen venger av von.*

*For døden lyt vike der oppstoda  
sigrar.*

*Og livet er evig i Kristus, Guds Son.*



## Viktig melding!

Samling i Haus kyukjelydshus 23. mai med Karsten Isachsen som vart annonsert i førre nummer av Kyrkjehelsing må gå ut på grunn av endringar av planar for Karsten I. Vi vil komme tilbake med ei ny dato i neste nummer av Kyrkjehelsing.